



Meir bør gjerast for å utnytta Børnes industriområde, meiner uskedelingane Slik tek området seg ut frå lufta ein sumarkveld. (Foto: Erlend Moen).

- Det er i dag fleire som ynskjer areal i Børnes, har verksemdsleiar Jarle Fossheim i kommunen opplyst til Uskedalen Utvikling, som er pådrivar for at noko meir skal skje i dette rommelege industriarealet i Uskedalen.

Og det er noko som skjer der. Interessentane er førebels frå Uskedalen og ein av dei er Rune Hjørnevåg. Uskedalen.no får opplyst på kommunalt hald at han skal overta eit område på halvtanna mål vis a vis den bedrifta han arbeidar i.

I samme området vil kommunen truleg legge reinseanlegget for dei sentrale delane av Uskedalen – det som opprinneleg var tenkt lagt på Neset men som møtte kraftige protestar der.

Hjørnevåg ervervar ikkje arealet på vegne av den framgangsrike fiskematbedrifta, men for sitt firma RH Racing. Rune blandar og sender drivstoff til heile landet. Det blir nytta i radiostyrte bilar, båtar, fly og helikopter. Sjølv om han overtok konseptet så seint som i mai i fjor, hadde han før fjoråret var omme passert ein leveranse på 10.000 liter. Ingrediensane er metanol, nitrometan og olje.

To andre uskedelingar som er sterkt interessert i å få eit større areal i Børnes er brørne Trond og Gunnar Myklebust. Det har samanheng med det planlagde sanduttaket til Trond på Øvre Døssland som no er til handsaming i kommunen . Trond antar at han og broren treng omkring åtte dekar og det vil her bli bygt eit utskipingsanlegg for sanden, med silohus og innandørs lagring. Landskapsdesign i Bergen er no i gang med å teikna anlegget, opplyser Trond til uskedalen.no.

Men framleis er området frå Mestas areal og fram til riksvegen stort sett ledig, blir det opplyst i kommunen.

Under møtet som Bygdeutviklingsprosjektet heldt for stutt tid sidan vart det streka under at Børnes snarast bør

tilretteleggast og marknadsførast meir aktivt fordi kommunen no ikkje har ledige industriareal.

- Men kommunen bør også gjera noko for at det blir halde ryddig og fint i dei delar av området som allereie er disponert.. Det er stort behov for rydding der, seier fleire av oppsittarane rundt Børnes til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen